



Rusfri trafikk og livstil

HORDALAND AVDELING

14. april 2015

Lindås kommune
v/ordfører Astrid Aarhus Byrknes
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

KRAV OM ALKOLÅS I ALLE SKULEBUSSAR I LINDÅS KOMMUNE.

MA Rusfri trafikk og Livstil, Hordaland avdeling ber om at du fremjar sak om at Lindås kommune set krav ovanfor fylkeskommunen om at alle skulebussar skal ha montert alkolås.

UP opplyser at det dagleg vert føretatt om lag 130.000 kjøreturar i rusa tilstand. Dette talet omfattar både alkohol, narkotika og medikamenter. Ca 30.000 er relatert til alkohol. MA har, sidan vi vart stifta i 1928, arbeidt med å få ein rusfri trafikk, både med opplysning, få innført promillegrense og tekniske hjelpemidlar.

Alkolås er eit slikt teknisk hjelpemiddel som er kopla til bilen sin startar. For å få start på bilen må sjåfør gje ein pusteprøva, som blir analysert før ein kan starte. Dersom sjåfør har promille over 0,2, vil ein ikkje få start på bilen. Ofte les vi i avisene om trafikkulykker som skuldast at sjåfør har promille. Hadde bilen /bussen hatt alkolås, ville ein unngått desse ulykkene.

MA sitt krav er at alkolås skal vera montert i alle bilar innafor persontransport, godstransport og i trafikkskulane sine skulebilar.

Å få alkolås i alle taxi og bussar knytt til skuleskyss er viktig. Born er det viktigaste vi har, å trygga skulevegen for desse veit vi er ei viktig sak for Lindås kommune. Dersom Lindås kommune i tillegg set krav om at skuleskyssane i kommunen skal ha alkolås – gjev de eit viktig signal til alle foreldre som kvar dag sender sine born med ein skulebuss – vi bryr oss, vi vil gjera borna sin skuleveg og skuleskyss så trygg som mogleg.

MA veit at det er fylkeskommunen som har ansvaret for persontrafikken / skuleskyssen i kommunane. Eit vedtak om krav om alkolås frå din kommune er med å øva press ovanfor fylkeskommunen.

Ein buss i dag kostar i dag godt over ein million kroner. Å få ettermontert ein alkolås kostar mellom 10 og 15 000 kroner – ei svært rimeleg forsikring. På nye busser og biler vert alkolåsen bestilt direkte frå bilfabrikken som ein del av sikkerheitsutstyret.

MA har i dag ein alkolåsbil i Hordaland, og dersom de ynskjer dette demonstrert, vil vi svært gjerne koma.

Vonar at du kan fremje dette som sak i Lindås kommune.

Med helsing
MA – Rusfri trafikk og Livstil


Alf Seim
leiar Hordaland avdeling

Vedlegg: Alkolås for trafikksikker transport, Utarbeidt av Statens vegvesen
MA sine faktaark -Alkolåsinfo for politikere /embetsverk
-Noen fakta om alkolås